

NOTAT

Til: Utenriksråden

Fra: FN-avdelingen/Seksjon for humanitære spørsmål

Dato: 16. mars 2018

Saksansvarlig: Kjersti Nordskog Nes.

Evaluering av norsk støtte til utdanning i krise og konflikt gjennom sivilsamfunnsorganisasjoner. Oppfylgingsplan.

Det visast til vedlagte oversendelsesnotat frå Evalueringsavdelinga i Norad datert 20.11.17, med vurderingar og anbefalingar for oppfølging av evalueringa av utdanning i krise og konflikt gjennom sivilsamfunnsorganisasjonar i perioden 2008-2016.

I høve til konklusjonane i evalueringa skal Utenriksdepartementet utarbeide ein oppfylgingsplan med vedtak om kva saker som skal fylgjast opp, innanfor kva tidsrammer og av kven. Den ansvarlege avdelinga i UD (FN-avdelinga) skal etter eitt år rapportere til utanriksråden om korleis planen er fylgd opp. Føremålet med evalueringa har vore å dokumentere resultatane av norsk bistand til utdanning i krise og konflikt gjennom sivilsamfunnsorganisasjonar og kva faktorar som positivt og negativt påverkar resultatoppnåing, for å bidra til å forbetre framtidig innretning av norsk støtte til dette feltet.

Evaluering av norsk utdanningsstøtte gjennom sivilt samfunn vart oversendt UD i november 2017 og konkluderer med at NGO-ane generelt oppnår gode resultat, og at den fleksible og tillitsbaserte norske modellen for støtte til sivilt samfunn gir NGOane mykje handlingsrom og fleksibilitet.

Samstundes seier evalueringa at det er potensial for å oppnå meir dersom den norske innsatsen vert sett i samanheng og koordinert betre. Støtten til utdanning i krise og konflikt samla sett manglar ein klar strategisk overbygnad, samt tydelege prioriteringar for det einskilde land noko som fører til at oversikten over den samla innsatsen på landnivå er avgrensa.

Denne oppfylgingsplanen er utarbeidd i samråd mellom seksjon for humanitære spørsmål, seksjon for utviklingspolitikk, Norad, Regionavdelinga og ambassadene i Beirut, Amman, Nairobi, Juba, Addis, Abuja og Katmandu. Den vil snarleg presenterast for og drøftast med sivilsamfunnsorganisasjonane.

Oppfølging av denne planen iht tidsrammen vil vere avhengig av kapasitet i seksjon for humanitære spørsmål og andre delar av forvaltninga. Med omsyn til tidsrammen vil denne reknast frå og med ferdigstilling av denne rapporten og eitt år fram i tid. Evalueringsavdelinga i Norad er informert om dette.

Oppfylgingspunkt og tiltak

Hovudføremål: Måletta dialog med organisasjonane både regionalt og i Oslo for å betre strategisk styring, inkludert betre samordning mellom Hum-seksjonen og SIVSA.

Strategiske prioriteringar på landnivå

Utvikle tydelegare strategiske prioriteringar for enkeltland som mottar mykje norsk støtte til utdanning i krise og konfliktsituasjonar. Desse prioriteringane skal jobbast fram av Hum-seksjonen, deskane, Norad og ambassadane. Vesentleg at ambassadane er tett på i denne prosessen då landkunnskap og innsikt i dei konkrete føresetnadene for støtten er avgjerande for å kunne foreta riktige strategiske prioriteringar. Desse prioriteringane vil vere rettleiande for inngåing av avtaler med partnerar. Nasjonale (sektor-) planer og/eller FNs responsplaner legg rammene for den norsk-støtta innsatsen (dette vil også gjelde for punktet under «Sårbare grupper. Konkretisering»).

Tiltak under anbefaling 1.

Sårbare grupper. Konkretisering

Konkretisering av forventningane til arbeidet med inkludering av sårbare grupper. Dette heng saman med grunnleggjande humanitære omsyn, og også her er ei landtilnærming essensielt; kven som er mest marginalisert varierer i ulike kontekstar. Ein vil knytte inkludering av sårbare grupper opp til strategiske prioriteringar på landnivå, og prioritere temaet i dialogen ambassadane har på landnivå med organisasjonane om korleis dei bidrar til å nå sårbare grupper/kva resultat dei har oppnådd.

Tiltak under anbefaling 2.

Årleg heilskapeleg rapport og møter på landnivå

Ambassadar med ei stor portefølje av utdanningsprosjekt i område ramma av kriser og konflikt skal rapportere årleg til Hum-seksjonen og Sivsua på partneranes arbeid og resultat. Dette bør vere ein heilskapeleg rapport om utdanningssituasjonen på landnivå, som inkluderer omtale av prosjekt Noreg støttar innafor utdanningssektoren i landet, korleis innrettinga på den totale utdanningsbistanden vår bidrar til å oppfylle behova på bakken, korleis humanitære prosjekt og utviklingsprosjekt verkar saman, og om det burde gjerast justeringar eller omprioriteringar.

Dette vil skje i dialog med organisasjonane. Ambassadane kan til dømes ta initiativ til årlege møte med NGO-ane og andre sentrale norske utdanningspartnerar eller innhente opplysningane på anna vis. I tillegg bør det leggjast opp til prosjektbesøk og felles diskusjonar om erfaringar på tvers av organisasjonane.

Målet med dette tiltaket er både å styrke forståinga av behova i utdanningssektoren på landnivå, og sikre betre koordinering partnerane imellom. Dette vil gjere oss betre i stand til å forstå den samla effekten av norsk bistand til utdanning og samstundes bidra til betre monitorering og evaluering.

Tiltak under anbefaling 1 og 4.

Dialog i Oslo

Ein vil bruke dei årlege møta (og andre relevante møte) mellom UD/Norad og dei mest sentrale partnerane til å ta opp utdanning, slik at desse møta blir ein arena for erfaringsutveksling og informasjonsdeling. Det vil lagast eit eige oppsummerande punkt på utdanning i referata etter desse møta. Tettare koordinering mellom UD, Norad og ambassadane er viktig for å sikre tilstrekkeleg oppfølging av satsinga og gode koplingar mellom humanitære og utviklingsretta tiltak. I dialogen med partnerar vil vi understreke at dei må koordinere seg innanfor rammen av lokale utdanningsgrupper og globalt gjennom blant anna utdanningsclusteret.

Tiltak under anbefaling 1 og 4.

Strukturert informasjonsutveksling

I konsultasjonar og møte vi har med UNICEF, UNESCO, Education Cannot Wait (ECW) og andre internasjonale organisasjonar som også gjennomfører tiltak knytt til utdanning i krise og konflikt, vil ein i endå større grad nytte høvet til strukturert informasjons- og erfaringsutveksling. Informasjonsdeling er tovegs med omsyn til både å bruke dialog med partnerar inn i globale dialogar og dele dialog med globale aktørar med sivilt samfunn.

Tiltak under anbefaling 4.

Fleirårig støtte

Her er det avgrensa mogelegheit i hum-budsjettet, men pågåande dialog internt i UD og mellom UD og Norad vil styrke samspelet til lengre innsatsar. Ei døme på eksisterande samarbeid, er samarbeidet mellom HUM-seksjonen og Sivsa når det gjeld rammeavtalene med Redd Barna.

Tiltak under anbefaling 3.

Resultatrammeverket

Det vil arbeides vidare overfor organisasjonene med resultatmåling og rapportering iht. resultatrammeverket for utdanningsatsinga.

Tiltak under anbefaling 1.

Anbefaling om å styrke Norges intellektuelle leiarskap innanfor utdanning i krise og konflikt

Seksjon for utviklingspolitikk, Hum-seksjonen, Norad og ambassadane skal identifisere arenaer og anledningar der Norge kan markere seg som ein global «champion» innanfor utdanning i krise og konflikt. Norge har allereie markert seg i arbeidet med fks med ECW og Safe Schools og bør styrke denne profilen der det er mogleg. *Tiltak under anbefaling 4.*

	Anbefaling	Tiltak (eller begrunnelse for å ikkje fylgje opp)	Ansvarleg for tiltak	Tidsramme	Resultat endring komme
1	Klargjere målsetjinar og prioriteringar for utdanningsstøtten gjennom frivillige organisasjonar for viktige satsningsland, på tvers av ulike budsjettpostar.	1. Strategiske prioriteringar på landnivå 2. Møter på landnivå 3. Årleg heilskapleg rapport 4. Dialog i Oslo 5. Avklare bruk av resultatrammeverket	1. Hum-seksjonen i samarbeid med Norad 2. Ambassadane 3. Ambassadane 4. Hum-seksjonen/Norad 5. Norad/Hum-seksjonen	Mars 2019	
2	Klargjere forventningar til innrettinga av arbeidet med utdanning for sårbare grupper i det einskildeland.	1. Sårbare grupper. Konkretisering.	Hum-seksjonen/Norad	Mars 2019	
3	Auke bruken av fleirårig finansiering meir tilpassa føremålet og tiltakas natur.	Fleirårig støtte	Norad/Hum-seksjonen	Mars 2019	
4	Meir systematisk læring og bruk av kunnskap og erfaringar for framtidig innretning av støtten	1. Møter på landnivå 2. Dialog i Oslo 3. Strukturert informasjonsutveksling 4. Anbefaling om å styrke Norges intellektuelle leiarskap innanfor utdanning i krise og konflikt	1. Ambassadane 2. Hum-seksjonen/Norad 3. Hum-seksjonen/Norad/ambassadane 4. Hum-seksjonen/Norad	Mars 2019	